

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato	26.06.2023
Vår referanse	2023/966-5
Dykkar referanse	2022/150-7
Sakshandsamar	Katrine Helle Midtbø
E-post	Katrine.Helle.Midtbo@vlfk.no
Telefon	91880730

Uttale til søknad om dispensasjon - naust - gnr.113 bnr.42 og 43 - Dimmelsvik - Kvinnherad kommune

Vi viser til oversending av søknad for uttale motteke 23.06.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå rekkefylgjekrav § 7-C i *Detaljreguleringsplan for delar av gnr. 113 bnr. 1 m.fl. - utviding av massetak – Dimmelsvik – Norstone AS* (planid 2012007). Dispensasjonssøknaden knyt seg til oppføring av naust på eigedom gnr. 113 bnr. 42 og 43.

Uttale frå infrastruktur og veg

Det aktuelle rekkefylgjekravet seier at det ikkje kan byggjast nye naust i N1 g N2 før parkeringsplassar hhv P1 og P2 er opparbeida. Samtidig med opparbeiding av parkeringsplassane skal dagens avkøyrsløstengast. I denne saka er det avkøyrsløst til N2 som er aktuell.

Vi har tidlegare vore negative til å gje dispensasjon frå rekkefylgjekravet, då dagens avkøyrsløst er utflytande. Vi meiner likevel det er uheldig at bygging av naust på frådelt tomter skal utløyse eit slik rekkefylgjekrav. Avkøyrsløst som i rekkefylgjekravet skal stengast har mange brukarinteresser og er einaste tilkomst ned til næringsareal på nordsida av fylkesvegen. Ei omorganisering av vegstrukturen i området må sjåast på, men dette er rimeleg å sjå på som ein del av næringsutviklinga i området og ikkje ved bygging av eit fåtal naust.

Vi føreset at kommune set vilkår om at frisiktsoner vert opparbeida i tråd med krav i handbøker, og at det vert opparbeida 4 parkeringsplassar i området for P2. Utover dette har vi ingen merknadar til dispensasjonssøknaden.

Med helsing

Eva Sundal for
Ann Kristin Nes
leiar
INV - Forvaltning Vestland

Katrine Helle Midtbø
Overingeniør
INV - Forvaltning Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

